



Denne gjengen skal delta i Hordablæsten saman med Rosendal skulekorps i april.

Helga 14. og 15.april skal muskarane i Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps delta i Hordablæsten i Grieghallen. Det er den største musikkkonkurransen av sitt slag i Hordaland, og i fjor samla den 2350 deltakarar. Det er første gong Uskedal deltar i denne konkurransen, medan Rosendal har vore med tidlegare, og det var også dei som tok initiativ til det kjekke samarbeidet.

Etter påske startar innspurten i øvinga med fleire fellesøvingar for dei to korpsa og seminar helga etter påske. I konkurransen skal dei spela 4 nummer Groovulation, Pedal pusher, Vuggesang(SVoR) og Triangel Tarantella. Desse er muskarane alt i godt i gang med innøvinga av.

Telenor 4G LTE 08:20

Øvingsplan Hordablæsten 2018.docx – Microsoft Word Online DEL ⋮

onedrive.live.com

	23.3	24.3	25.3	26.3
Oppvarming	C eller G-durskala, Heilnotar – hald ut til einar.	C eller G-durskala, Heilnotar – hald ut til einar.	Oppvarmingsark Intervall.	Oppvarmingsark Intervall
Groovulation	A+B	C	D	D
Pedal pusher	Start til B	Start til B	B-C	C-D Dynamikk (f-decrescendo)
Vuggesang (SVoR)	2 før H	H+I		H+I

[Eit lite utsnitt av øvingsplanen.](#)

Frå 23.03. og fram til konkurransene har kvar muskar fått ein god og detaljert øvingsplan. Den fortel korleis dei skal varma opp og kva deler av stykka dei skal øva på kvar dag. Første dagane var oppvarminga skalaøvingar der dei skulle leggja vekt på å halda heilnotane heilt ut før dei skulle øve på spesielle taktar og deler i dei 4 stykka. Siste veka består heimeøvinga av oppvarming med hymne før dei har gjennomføring av heile programmet. Der skal dei også telja pausane dei har.

Etter kvart muskarane gjennomfører øvingsplane skal dei kryssa ut, og det vert premie til dei som leverer inn skjema, og den/dei som har flest kryss. Det er eit svært godt førebuingarbeid dirigentane i dei to korpsa, Tor Skeie Olsen og Linas Dakinevicius, har lagt opp til. Dersom den vert fulgt opp, vil korpsa vera svært godt førebudde til dei skal på scenen i Grieghallen. Endå viktigare er det at det gjev både einskildmuskarane og korpsa eit løft som dei kan ta med seg vidare. Relativt korte daglege øvingar er god medisin for å verta ein god muskar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland